

Årsmelding for 2006

Dette året har styret i Sandsøy IL bestått av: Leiar Anders Bringsvor, nestleiar John Longva, kasserar Svein Helge Bringsvor og styremedlemmer Bjørn Thore Hansen og Daniel Halsebakk. Varafolk til styret har vore Lisbeth Helland og Oddbjørg E. Olsen.

Vi har hatt 4 styremøter.

Drifta i år har gitt ei omsetning på knappe 100000,- og der av eit overskot på ca. 1500,-. Viser elles vi til ei meir detaljert melding frå økonomiansvarleg.

Aktive grupper i Sandsøy IL er fotball- og trimgruppa.

Fotballgruppa har i bestått av leiar Svein Helge Bringsvor, oppmenn Bjørn Thore Hansen, Arnvald Bringsvor, Anders Bringsvor og Aina Strand

Fotballgruppa har, saman med kiosk- og banenemnda, arrangert 20 heimekampar og ei minigutt 8 turnering.

Fotballgruppa har i år hatt 42 fotballspelarar i aksjon, 31 gutar og 11 jenter, fordelt på 4 lag; minigutt 8, smågutte 13 og 14, og gutte 16.

Minigutt 8 spelte turneringar saman med lag frå Åheim og VanKam. Laget var også med på Gursken Cup i august og Jalmar Fotballfestival i oktober. Ein utruleg innsats resulterte i kun eitt tap på tilsaman 16 kampar. Laget stilte med nye drakter, sponsa av Gjensidige. Trenar og oppmann har vore Anders Bringsvor

Smågutte 13 vann avdelinga si på våren, men på grunn av bruk av overårige, rykte ikkje laget opp i 1. divisjon. På hausten kom laget på andre plass. Trenar og oppmann har vore Arnvald Bringsvor.

Ein 4. plass på våren resulterte i at smågutte 14 laget rykka opp i 1. divisjon på hausten. Dette førte til lengre reiser og kampar mot dei ”store” klubbane. Det vi huska best var borteseieren mot Harøy, og kampane mot Sykkylven og ÅFK. Laget enda på 5. plass av 8 lag totalt, meget bra! Oppmann har vore Aina Strand, trenar Anders Bringsvor.

Begge smågutelaga var med på Gursken Cup. Vi blanda laga og fordelte spelarane på to lag. Det vart vanskelege kampar mot reine 14-års lag og resultatane blei deretter. Men spelarane skal ha honnør for god innsats og humøret var som vanlig på topp. Eit lyspunkt til, Håkon Kristian og Ragnhild vann skotkonkuransen og for det fekk dei med seg kvar sin bag!

Gutelaget kjempa i toppen heile sesongen og enda til slutt på 2. plass, eitt fattig poeng bak Åheim. I november var laget på ei innandørsturnering i Førde, høg sosial faktor med to overnattingar. Reint sportslig gjekk ballen litt for fort. Trenar og oppmann har vore Bjørn Thore Hansen. Gutelaget stilte i år med nye drakter, sponsa i hovudsak av Sandefisk, i tillegg til Sande Rekneskap og Voksøy AS i tillegg.

I år har tre av jentene vore med på eit samarbeidslag med Larsnes. Laget gjorde det godt. Andre plass på våren resulterte i opprykk til 1. divisjon på hausten. Då kom dei på 7. plass.

Alt i alt ein imponerende sesong av samtlige lag!

Også i år har Sandsøy samarbeidd med Kvamsøy på a-lags nivå, 5 spelarar var med og spelte kampar i 6. divisjon

26. november blei fotballsesongen avrunda med avslutningsfest på Dollstun. Alle fotballspelarane med foreldre var inviterte. På programmet stod utdeling av diplomar og premiar, samt fotballkamp på storskjerm.

Trimgruppa stiller med eigen årsrapport.

Andre aktiviteter i 2006:

Laurdag 4. mars arrangerte idrettslaget skidag på Bringsvoren. Start- og målsegl samt startnummer fekk vi låne av Sparebanken Møre. Alle dei 39 deltakarane i alderen 2-16 år fekk medalje. Etter løpa var det fellessamling med grilling og kos, pluss uhøgtidelege hopp-, sprint- og akekonkurransar. Ein fin dag for store og små, dette fristar til gjentaking.

Laurdag 24. juni blei det for 6. gong arrangert den årlege fotballcupen i Oshaugane. Oldboyslag frå Sandsøy, Åram og Gursken, og motstander til Sandsøy oldgirls var i år Dufte frå Herøy. Om lag 130 betalande tilskodarar hadde funne vegen til stadion denne ettermiddagen.

Reine inntektsbringande tiltak:

- tombola på Dollstun 3. Juni
- loddbok som blei trekt på fotballavslutninga

Medlemskontingent i idrettslaget for 2006 var slik:

- born 50,-
- vaksne 100,-
- familie 200,-

Alle medlemmar får rabatt på kjøp av sportsutstyr hos Voksøy AS.

Dette året har vi hatt 83 medlemmar, 49 born og 34 vaksne (fylt 16 år).

Talet på tilltsvalde fordelt på ulike verv har vore 28 personar.

Styret har ikkje lukkast i å skaffe overtreksdrakter som vedtatt på forrige årsmøte, heller ikkje fått fiksa lysanlegget på stadion. Desse to sakene skal prioriterast snarast.

Styret i Sandsøy Idrettslag ønsker å takke alle leiarar, trenarar, foreldre og øvrige medlemmar som stiller opp for idrettslaget.

Styret i Sandsøy idrettslag

RAPPORT TRIMGRUPPA 2006

Trimgruppa starta sesongen med å arrangere skirenn for born .
Vi hadde kjempe oppslutning .Veret var verkeleg på vår side og vi fekk flott omtale i avisa.

Så no håpe vi vergudane vil hjelpe oss slik at vi kan arrangere skirenn i år også.

Vi hadde ca 40 deltakara i alderen 2 - 15 år.

Det var ei 8 talls løype på flat mark til dei minste og ei lengre og litt meir krevande til dei som ville det.

Vi hadde også ei konkurranse der vi kåra første sprint mesteren på Sandsøya og det vart

Christoffer Strand. (gratulerer)

Her må vi seie tusen takk til Eirik , Thomas og Christoffer for lån av meget flott og godt preparert løype.

Vi avslutta dagen i Rigmorbakken med aking og bålbrekking - ein kjempe koseleg dag !

I april var det den årlege 7 - toppsturen og turmarsjen. Det var tilsaman 101 startande . Vi fekk eit noko ufyseleg ver ,men vi syntes oppmøte var bra.Vi fekk mange gode tilbakemeldingar om eit flott tiltak og at det var kjekt å komme i mål og kunne komme inn å få seg eit kvart å bite i.Takk til alle som hjalp til

Til seinare år der langfredag og preike i Sande kyrkja kolliderer kan vi berre ta kontakt med sokneprest

Sigmund Bjerkvik og få til eit samarbeid ,dei var ikkje framand for å ta friluftsgudstjeneste i Hellandsvågane.

Turbøkene våre vert brukte av både flinke Sandsøyingar og turistar.

Sjå eiga side.

Det er også i år mange born som har vore flink til å besøke alle bøkene og som har oppnådd nok poeng til å få premie

Trimgruppa for 2006 takkar for seg ,og ser fram til eit godt turår i 2007.

Sandshamn , februar 2007

Gunnhild Bringsvor Kristin Grande Gunhild Anfinnsen Inge Skare

Trimbøker 2006

Grøntua - 295 - besøkande

Voksehaugen - 272 - besøkande
- Kristin Støyle - 22 gonger

Kleiveneset (Hornhammaren) - 277- besøkande
- Oddmund Vorren -25 gonger

Trollhola - 282 - besøkande
- Spot (hund) - 81 gonger
- Phillipa van Iwaarden - 65 gonger

Kletten - 860 - besøkande
- Erling Strømsnes -214 gonger
- Kjell Toftesund - 125 gonger
- Bjarne Strømsnes - 79 gonger
- Kristin Grande - 63 gonger

Dollsteinhola - 757 - besøkande
- Inge Skare og Mira -76 gonger

Hellandsvågane - 643 - besøkande
- Ingeborg Våge - 92 gonger
- Birgny Våge - 21 gonger

Rinden (Øyna) - 1285 - besøkande
- Vebjørn Støyle Bringsvor - 318 gonger
- Olrik (hund) - 231 gonger
- Dan Espen Sande - 136 gonger
- Inge Skare og Mira - 46 gonger

Trim - premier

Vebjørn Støyle Bringsvor - svettedråpe for 318 gonger på Rinden og besøk i alle trimbøker

Dan Espen Sande -
Eirik Voksøy Bringsvor -
Olav Helland Skare -
Thomas Voksøy Bringsvor -
Alexander Bringsvor -
Kristian Helland Skare -
Elias Grande Strømsnes -
Sigfred Worren Nysøy -
Halvor Mølmen
Dina Kristine Mølmen
Rune Rusten Mo
Monica Rusten Mo
Tore Rusten Mo
Tommy Folkestad Vestre
Torbjørn Baade
Ingrid Baade
Anna Longva
Kjetil Longva
Christoffer Bringsvor
Ole - Martin Bringsvor

Erling Strømsnes - over 70 år - svettedråpe for 214 gonger på Kletten